

Retningslinjer for strøyming og opptak av digital undervising ved HVO

Vedtatt av direktør 6.mai 2020

Innhold

| | |
|---|----------|
| 1 Verkeområde | 2 |
| 2 Føremål med strøyming og opptak..... | 2 |
| 3 Behandlingsgrunnlag for strøyming og opptak | 2 |
| 4 Samtykke som behandlingsgrunnlag | 2 |
| 4.1 Strøyming av undervising utan opptak..... | 2 |
| 4.2 Opptak av berre faglærar/faglærarar | 3 |
| 4.3 Opptak av frivillig undervising | 3 |
| 4.4 Opptak av obligatorisk undervising basert på samtykke..... | 3 |
| 5 Andre behandlingsgrunnlag..... | 3 |
| 6 Ansvar for informasjon..... | 4 |
| 7 Innmelding om bruk av opptak..... | 4 |
| 8 Bruk av opptak til andre føremål..... | 4 |
| 9 Sletting av opptak | 4 |
| Vedlegg 1: Døme på informasjonstekst ved direktestrøyming | 5 |
| Vedlegg 2: Døme på informasjonstekst ved opptak av digital undervising basert på samtykke som behandlingsgrunnlag..... | 6 |
| Vedlegg 3: Døme på informasjonstekst ved opptak av digital undervising med anna behandlingsgrunnlag enn samtykke..... | 7 |

1 Verkeområde

Retningslinjer for strøyming og opptak av digital undervising ved HVO. Retningslinjene gjeld for all direktestrøyming og alle opptak av digital undervising ved HVO. Retningslinjene skal sikre at reglane som følger av Personopplysningslova og personvernforordninga (GDPR) vert innfridd. Alle tilsette som strøymer eller tar opp digital undervising har plikt til å setje seg inn i desse retningslinjene.

Rektor er behandlingsansvarleg.

2 Føremål med strøyming og opptak

Dette er føremålsvurderinga som gjeld all strøyming og opptak som er gjort av HVO i samband med digital undervising:

- Føremål med strøyming er å tilby undervisning utan at studentane må møte opp på høgskuleområdet.
- Føremålet med opptak av undervising ved HVO er å styrke studentane si læring ved å gje dei høve til å spele av delar eller heile undervisinga i etterkant (av sjølve undervisinga).

3 Behandlingsgrunnlag for strøyming og opptak

Med behandlingsgrunnlag meiner vi lovleg grunnlag for å strøyme eller gjere opptak av undervisning. Det er ikkje mogleg å gje eit felles behandlingsgrunnlag for alle opptak på HVO. Den som er ansvarleg for strøyming eller opptak av lyd og/eller biletar pliktar å sikre at han eller ho har eit behandlingsgrunnlag (rettsleg grunnlag) for strøyminga eller opptaket. Behandlingsgrunnlaget skal vere heimla i Personvernopplysningsloven artikkel 6. Dei to mest aktuelle punkta her er:

- Samtykke [Personopplysningsloven artikkel 6 punkt 1 a](#): «den registrerte har samtykket til behandling av sine personopplysninger for ett eller flere spesifikke formål»
- Allmenta si interesse: [Personopplysningsloven artikkel 6 punkt 1 e](#): «behandlinga er nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse eller utøve offentlig myndighet som den behandlingsansvarlige er pålagt»

Jamfør også [universitets og høyskoleloven](#) § 1-3.

4 Samtykke som behandlingsgrunnlag

Det vanlegaste behandlingsgrunnlaget ved HVO er samtykke. Og då må det innhentast samtykke frå kvar enkelt person som er tilstades. Om samtykket ikkje er innhenta, eller ein av personane som er tilstades ikkje samtykker til opptaket av lyd og /eller bilet, kan opptak ikkje verte gjennomført.

4.1 Strøyming av undervising utan opptak

Ein føresetnad er at standardinnstillingane i det digitale undervisingsverktøyet er aktivert slik at studentane kan logge seg på utan lyd og bilet. Studentane kan sjølv eventuelt endre sitt eige namn etter innlogging. Studentar gjev sitt samtykke til å vere synleg i videostrøymen ved sjølve å skru på lyd og/eller bilet i strøyminga. Informasjon om strøyming må gjevast på førehand. Faglærar gjev samtykke ved å starte strøyming.

Emneansvarleg skal informere studentane om strøyming i emnerom i Canvas eller tilsvarande plattform når emnet tek til. Døme på standardtekst finn ein i vedlegg 1.

4.2 Opptak av berre faglærar/faglærarar

Faglærar gjev samtykke til opptak ved sjølv å starte opptak, eventuelt sjølv kople på lyd og/eller bilete i eit opptak.

4.3 Opptak av frivillig undervising

Ein føresetnad for opptak er at standardinnstillingane i det digitale undervisingsverktøyet er aktiverte slik at studentane kan logge seg på utan lyd og bilet. Studentar må eventuelt endre sitt eige namn for å vere anonyme. Studentar gjev samtykke til opptak ved sjølve å skru på lyd og/eller bilet i opptaket.

Det må informerast i forkant av undervisinga, til dømes ved semesterstart, om at undervisinga eller delar av denne vert tatt opp og at studentar som ønskjer å delta aktivt i undervisinga vil verte ein del av opptaket. Det må gjevast informasjon om:

- At HVO tar opptak, og alle spørsmål «frå salen» vert ein del av opptaket. Dei som ikkje ønskjer å verte ein del av opptaket, kan oppmodast om å sende spørsmål til dømes per e-post.
- Føremålet med opptaket
- Kor lenge opptaket vert lagra (ved HVO er dette normalt fram til ordinær kontinuasjonseksamen er gjennomført)
- Kvar opptaket vert lagra, og eventuelt delt
- Kven som har tilgang til opptaket
- Heimelsgrunnlaget for behandlinga: [Personopplysningsloven artikkel 6 punkt 1 a](#) (altså samtykke). Og at ein reknar det å slå på kamera/lyd som samtykke.

Denne informasjonen kan gjevast på emnesida i Canvas, men faglærar må også minne studentane om at det vert gjort opptak når opptaket startar. Informasjonen må oppdaterast ved eventuelle endringar. Døme på informasjonstekst som emneansvarleg kan nytte finn ein i vedlegg 2.

Dersom opptaket skal nyttast til eit anna føremål enn undervisinga (til dømes kvalitetssikring, forsking, læringsanalyse eller liknande) må det hentast inn nytt samtykke frå dei som er med på opptaket.

4.4 Opptak av obligatorisk undervising basert på samtykke

Opptak av obligatorisk undervising skal helst gjerast slik at det er frivillig for studentane å delta aktivt i opptaket, jamfør då kapittel 4.2 i desse retningslinjene.

5 Andre behandlingsgrunnlag

I dei tilfelle strøyming eller opptak skal gjerast med anna behandlingsgrunnlag enn samtykke må HVO vurdere om behovet for å gjere opptak er strengt naudsynt for å oppnå føremålet med utdanninga. I dette ligg at opptak må vere tenlege for å nå føremålet med utdanninga, og må sjåast i samanheng med personvernulempene for studentane. Slike behandlingsgrunnlag må avklarast med personvernombodet og studentombodet før det vert gjort.

I dei tilfelle der opptak av obligatorisk undervising går fram av emneplan og det der er eit krav om at det vert gjort opptak, med gyldig behandlingsgrunnlag, skal dette grunnlaget avklarast med personvernombodet og studentombodet før det vert lagt inn i emneplan.

Det må informerast i forkant av undervisinga, til dømes ved semesterstart, om at undervisinga eller delar av denne vert tatt opp og at studentar som ønskjer å delta aktivt i undervisinga vil verte ein del av opptaket. Det må informerast om:

- At HVO tar opptak
- Behandlingsgrunnlaget (eventuelt knytt til emneplan)
- Føremålet med opptaket
- Kor lenge opptaket vert lagra (ved HVO er dette normalt fram til ordinær kontinuasjonsekseenamn er gjennomført)
- Kvar opptaket vert lagra, og eventuelt delt
- Kven som har tilgang til opptaket
- Tilvising til heimelsgrunnlaget i emneplan.

Denne informasjonen kan gjevast på emnesida i Canvas, men faglærar må minne studentane om at det vert gjort opptak. Informasjonen må oppdaterast ved eventuelle endringar. Døme på informasjonstekst som emneansvarleg kan nytte finn ein i vedlegg 3.

Dersom opptaket skal nyttast til eit anna føremål enn undervisinga (til dømes kvalitetssikring, forsking, læringsanalyse eller liknande) må det hentast inn nytt samtykke frå dei som er med på opptaket.

6 Ansvar for informasjon

Både ved strøyming og opptak av undervising i eit emne er emneansvarleg ansvarleg for at rett informasjon er gitt til studentane. Faglærar som startar opptak er pliktig til å minne studentane på at det vert gjort opptak.

7 Innmelding om bruk av opptak

Dersom det vert brukt opptak av studentar i eit emne skal det meldast inn i følgjande skjema: <https://nettskjema.no/a/hvo-opptak>. Innmeldinga skjer ein gong per emne, og emneansvarleg er ansvarleg for at det vert gjort. Registreringa vert sletta når fristen for sletting av opptak er ute.

8 Bruk av opptak til andre føremål

Opptak av lyd og/eller bilete som er gjort utifrå eit bestemt føremål kan ikkje nyttast til anna føremål enn det som gjaldt på opptaktstidspunktet, utan at ny vurdering av behandlingsgrunnlaget er gjort.

9 Sletting av opptak

Eit opptak skal slettast når føremålet med opptaket er oppfylt. Opptak som er gjort med samtykke som behandlingsgrunnlag må også slettast om nokon trekk tilbake sitt samtykke.

Vedlegg 1: Døme på informasjonstekst ved direktestrøyming

Informasjon om strøyming av undervising

HVO informerer om at undervisninga eller delar av denne i <emnekode> vert strøyma direkte.

Føremålet med strøyming er å tilby undervisning utan at studentane må møte opp på høgskuleområdet.

Standardinnstillinga i verktøyet som vert brukt til strøyming er normalt innstilt slik at alle som loggar seg på for å delta i undervisninga ikkje deler lyd/bilete/video med andre, eventuelt kan du skru av lyd og/eller bilet sjølv. Dersom du loggar på med lyd og/eller bilet samtykker du i at namn og lyd og/eller bilet av deg vert vist i direktestrøyminga. Dersom du ikkje ønskjer å vise igjen på direktestrøyminga må du kople deg på anonymt, eventuelt endre namn etter innlogging.

For meir informasjon om dine rettar og personvern:

- <https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/den-registrertes-rettigheter/>
- sikresiden.no
- kontakt personvernombodet ved Høgskulen i Volda personvernombod@hivolda.no

Kontaktinformasjon: <einingsa sitt namn, emneansvarleg og e-post>

Vedlegg 2: Døme på informasjonstekst ved opptak av digital undervising basert på samtykke som behandlingsgrunnlag

Informasjon om opptak av lyd og/eller bilete

HVO informerer om at det kan verte gjort opptak av digital undervising i dette emnet. Opptaka vert publisert som ein læringsressurs i Canvas eller tilsvarande, og vil vere tilgjengeleg for alle studentar på <emnekode> /anna avgrensa krets frå det tidspunkt opptaket vert gjort og fram til kontinuasjonseksemna på emnet er ferdig. Opptaket vil omfatte det som til ei kvar tid vert vist i strøyminga av undervisinga.

Føremålet med opptaket er å styrke studentane si læring ved å gjere det mogleg å spele av delar eller heile undervisinga i etterkant av sjølve undervisinga. Det rettslege grunnlaget for opptaket er [Personopplysningsloven artikkel 6 punkt 1 a](#), altso samtykke.

Opptaka vert lagra <skriv inn kvar opptaket vert lagra> så lenge dei er fagleg relevante. For meir informasjon om kven som har tilgang, kontakt emneansvarleg eller faglærar.

Som student gjev du samtykke i å delta i opptaket ved å aktivere lyd og/eller bilete. Samtykket kan trekkast tilbake. Du trekker tilbake samtykket ved å sende skriftleg melding til ansvarleg faglærar eller emneansvarleg.

Om du ikkje ønskjer å kome med på opptaket, gjer vi deg merksam på at du må stille spørsmål på andre måtar, til døme per e-post.

For meir informasjon om dine rettar og personvern:

- <https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/den-registrertes-rettigheter/>
- sikresiden.no.
- kontakt personvernombodet ved Høgskulen i Volda personvernombod@hivolda.no

Kontaktinformasjon: <einings sitt namn, emneansvarleg og e-post>

Vedlegg 3: Døme på informasjonstekst ved opptak av digital undervising med anna behandlingsgrunnlag enn samtykke

Informasjon om opptak av lyd og/eller bilete

HVO informerer om at det kan verte gjort opptak av digital undervising i dette emnet. Opptaka vert publisert som ein læringsressurs i Canvas eller tilsvarande, og vil vere tilgjengeleg for alle studentar på <emnekode> /anna avgrensa krets frå det tidspunkt opptaket vert gjort og fram til kontinuasjonseksemna på emnet er ferdig. Opptaket vil omfatte det som til ei kvar tid vert vist i strøyminga av undervisinga.

Føremålet med opptaket er å styrke studentane si læring ved å gje dei moglegheit til å spele av delar eller heile undervisinga i etterkant av sjølve undervisinga. Det rettslege grunnlaget for opptaket ligg i <legg inn rett behandlingsgrunnlag>.

Opptaka vert lagra <skriv inn kvar opptaket vert lagra> så lenge dei er fagleg relevante. For meir informasjon om kven som har tilgang, kontakt emneansvarleg eller faglærar.

Heimelsgrunnlaget er presisert i emneplan <lenke til emneplan>. (fjern om det ikkje ligg i emneplan)

For meir informasjon om dine rettar og personvern:

- <https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/den-registrertes-rettigheter/>
- sikresiden.no.
- kontakt personvernombodet ved Høgskulen i Volda personvernombod@hivolda.no

Kontaktinformasjon: <eininga sitt namn, emneansvarleg og e-post>